
Fra: Arne Helgesen
Sendt: tirsdag 23. august 2016 09.52
Til: 'Nils-Arne Træland'
Kopi: Siril Therese Sylta; Anne Lise Molvik; 'Atle Dingen (Atle.Dingen@lindas.kommune.no)'; Arne Eikefet
Emne: SV: Tilknytting 126/46.

Har kommentert svar frå deg, kan ikkje sjå at dette skal vera noko uoverkommeleg sak å bli ferdig med, spørsmålet er berre kor tid ? Det er allereie 3 månader sidan eg skreiv mail til deg om desse forholda.

Fra: Nils-Arne Træland [<mailto:nils-arne@lindaasvvs.no>]
Sendt: mandag 22. august 2016 13.26
Til: Arne Helgesen
Emne: RE: Tilknytting 126/46.

Hei,
Og vel overstått sumar!

Beklager at dette har tatt litt tid, det har vore vasnkeleg å kome i kontakt med dei øvrige partane som er involvert i dei ulike punkta de tek opp.

Syner til e-post frå Lindås Kommune vedr status Hope byggjefelt.
Skal prøve å gje eit så oppklarande svar som mogeleg.

I første avsnitt vert det påstått at underteikna firma har søkt om tilknytning av andre enn Bente Øksnes på sørsida av hennar eigedom, dette kan eg stadfeste stemmer ikkje. **Som du ser av min mail skriv eg: Hadde besøk av ein rørlegger her på kontoret denne veka, han skulle knytte til 126/46 på Hope. Eg sa til han at han først må sende søknad med situasjonsplan og få denne godkjent før arbeidet starter. Han opplyser då at Lindås VVS har sendt inn søknad med alle nødvendige papirer då dei søkte om tilknytting av boligen til Bente Øksnes.**

I andre avsnitt har eg ingen kommentarer utover at det til tider er uklårt kva som er gjeldande regelverk og kva kart som ein kvar tid skal underbygge søknaden. Her har både Lindås Kommune og rørleggerbedriftane som opererer i kommunen ein veg å gå, og me vil rette oss etter dei krav og rammer kommunen set. **Dersom du framleis er usikker på kva som er krav til rørleggermelding og ferdigmelding i Lindås Kommune, stiller eg meg litt uforståande til det. Kva er uklart ? Viser til felles møte 24.06.2015. og mail med referat frå møte 25. 06. 2015. og ytterlegare info i felles mail 24.06. 2016.**

Avsnitt 3, må eg melde om fullstendig uvitande om ledning som skal vidare frå Bente Øksnes og sørover eller ikkje. Kjenner ikkje til dette utover det som er vorte fortald av diverse personell i etterkant. Ferdigmelding vert sendt (tysdag 23 august) og vil innehalde nytt situasjonskart og signert skjema (Bente Øksnes) for felles solidarisk ansvar for vassledning. **Kommentert i første avsnitt denne mail**

Så er me over på punktvisе saker lista opp i e-post.

Her må det også presiserast at tidlegare eigar Karstein Øksnes gjekk bort etter synfaring med Helgesen Lindås Kommune for ein del år tilbake. Det er ukjent for oss om det har vore synfaringar på plassen etter dette eller om det har vorte purra på utførelse siden den gang.

1. etter forrige synfaring monterte underteikna og Karstein Øksnes nye ringar og fylte til rundt 2 stk kummer ved båthavn. Slik det er i dag er dette gravd vekk og det er satt opp ein spuntvegg i betong som ikkje er tilbakefylt. Iom at dette mest truleg er eit søknadspliktig prosjekt vil eg anta at kommunen er kjend med at kummen er frigravd og ikkje lenger frostsikker. **Pålegg om å utbetre kummer ved båthavn var allereie gitt då du og Karstein Øksnes holdt på med feltet, så vidt eg veit har dette aldri blitt ferdigstilt, mur på utsida skulle settast opp, slik at det var muig å få dette anlegget frostsikkert, noko som ikkje var mulig dersom mur ikkje kom på plass, kva som er søkt om i feltet av murer osv. har eg ikkje kontroll på, men det kan sikkert byggesak svare på. Anlegget skal jo uansett vera frostfritt, så inntill fylling rundt kummer må på plass, enten muren er lovlig, eller ulovlig satt opp. Er det problem med å få dette gjort ?**
2. når det gjeld ledninger utforbi havna er me ukjent med kva desse går til, for meg ser det ut til at nokre av dei er kollektorledningar til varmeanlegg eller noko slikt. **Reknar med at vi kan finne ut kva som er vassleidningar og kva som ikkje har noko med vassforsyning å gjera, Kan ta ein gjennomgang av dette ved synfaring på Hope ?**
3. det er kum med mulighet for avstenging ved eventuelle lekkasjer ved huset til Ståle Øksnes. Øksnes har lagt plen over kumlokk, men vil no gjere dette tilgjengeleg att. **Det er greitt, vi tar det på synfaring, når vi har fått tilbakemelding om at alt er ok på Hope**
4. dei me har søkt om er kobla til kommunalt vatn, utover det har me ingen kunnskap om andre tilkoblingar. **Som du ser av kart er dette ikkje komplett, Men eg reknar med at dette blir litt betre når du kjem med ferdigmelding til Bente Øksnes. Ferdigmelding må innehalde situasjonsplan som viser heile det felles private nettet frå Bente Øksnes til tilknytning kommunal vassleidning. Dette er noko du må ha oversikt over, når du knyter ein ny abonnent til eit felles privat anlegg, elles har ein ikkje oversikt over kven den nye abonnenten skal ha erklæring om rett til tilknytning felles privat anlegg, felles solidarisk ansvar med osv.**
5. endekummen du referer til er vel den kummen dei på sørsida egentlig skulle koble seg til, den har Øksnes bekrefta at han skal fylle opp til topplate. Når det gjeld skikkelege lokk, er det då meininga at plastlokk nrf: 3356825 ikkje er godkjent for bruk i terreng, dersom ikkje monterer me betonglokk m/ramme snarast. **Kan sjå på denne når vi tar synfaring,**

Me ser for oss ein konstruktiv dialog for å komme til bunns i dette, men innser samtstundes at det er mange kokker innblanda og me ynskjer å bidra for å kome til ein ende på dette. **Er det fleire enn Lindås VVS. Lindås Kommune og Ståle Øksnes som trengs for å ordne opp i dette?**

Med venleg helsing
Nils-Arne Træland
Dagleg leiar

nils-arne@lindaasvvs.no

97701342



From: Arne Helgesen [<mailto:HELA@lindas.kommune.no>]

Sent: 20. mai 2016 12:02

To: Nils-Arne Træland

Cc: Kari Elisabeth Io; Siril Therese Sylta; Atle Dingen

Subject: VS: Tilknytting 126/46.

Viaresender mail eg sende til eigar av gbnr. 126/46. Her er ein del kommentarar etter at eg i går var ute på Hope.

Hadde besøk av ein rørlegger her på kontoret denne veka, han skulle knytte til 126/46 på Hope. Eg sa til han at han først må sende søknad med situasjonsplan og få denne godkjent før arbeidet starter. Han opplyser då at Lindås VVS har sendt inn søknad med alle nødvendige papirer då dei søkte om tilknytting av boligen til Bente Øksnes. Han opplyste at leidningen heilt fram til 126/46 og tilknytting av Bente blei utført for 1-1¹/₂ månad sidan. Erklæringsskjema felles solidarisk ansvar, og erklæring til å gå over annan manns grunn skulle vert sendt inn av lindås VVS ifbm tilknytting av Bente Øksnes.

Sjekka med Kari Io om dette var tilfelle, det var det ikkje , med søknad om tilkopling av Bente Øksnes ligg det to erklæringar, begge desse erklæringane er løyve frå Ståle Øksnes til å legge over annan manns grunn. Situasjonsplan viser leidning fram til Bente Øksnes. Situasjonsplan ligg v. pdf. Utan namn.

Det som er beklageleg er at du ikkje har sendt inn erklæring om at Bente Øksnes har fått løyve til å gå inn på felles privat vl. Og forpliktar seg til felles ansvar for drift og vedlikehald. Du sender og inn ein situasjonsplan som tar med eit så lite området at det ikkje er mulig for Kari å sjå at dette er ein søknad om å gå inn på eit felles privat anlegg.

Var ute på Hope i går og såg kva som er gjort her. Leidning frå gamle hus ti Ståle Øksnes fram til Bente Øksnes er lagt og Bente Øksnes er på kopla. Leidning viare fram til 126/46 er også lagt men ikkje kopla til Rørlegger som var inne hos meg skulle kun kople til 126/46 borte ved hans hus. Kven skal kople til leidning som går frå Bente Øksnes til 126/46. Dette er ein leidning som er meint også for fleire. Kartet på Hope er mangelfult det viser f. eks. ikkje kor hovudleidningen opp til gamlehuset til Ståle øksnes kjem frå, Kjem den over land frå området med minirensanlegget til Ståle Øksnes ?

Dette er ting som du sjølv sagt skulle hatt med på søknad. Situasjonsplan skal som du kanskje veit visa leidning frå bustad fram til tilkopling kommunal leidning, dersom den går inn på privat leidning eller felles privat skal det leverast med erklæringsskjema om dette, dette må du ordne med og sende inn med ferdigmelding.

Det er og ein del manglar ved dette anlegget som eg verkeleg hadde trudd var ordna opp i Dette er ting som må på plass før ein kan gi løyve til å kople fleire inn på felles privat anlegg.

1. Kummer nede ved båthamn . har i ei årrekke meldt frå om at dette skulle rettast, frostsikring av kummer. Kummer v. båthamn må inntilfylles med frostsikre masser rundt kum, kum med hovudledning må og tilpassas terreng og til dekkes med jord over topplokk.
2. Det er og svert mange leidningar i sjø utafør båthamn. Dei fleste av de veit vi vel kva er, men det er fleire enn det som vi har registrert skal vera der. Så kva er dei leidningane til som ikkje er registrert. Beliggenheten ut frå båthamn stemmer heller ikkje med verkelegheitene, dette må rettast.

3. Når så mange skal inn på eit felles privat anlegg er som går ut i sjø på land og så ut i sjø til neste pkt. skal det monteras avstengingsventilar inn og ut av sjø. Elles vert det svert vanskeleg å lokalisere ein ev. lekkasje. Dette er etter det eg kan sjå ikkje montert ? der vl går i land og ut igjen v. huset til Ståle Øksnes. Dette må på plass.
4. Så må vi få ei fullstendig oversikt over kva som no er tilknytt dette felles private anlegget hus naust ev. andre ting, registrerte ein del då eg var ute der i går. Sende inn eit kart som viser korrekt plassering av leidningar, dimensjoner, kummer .ventiler etc
5. Endekum i innkjøring byggefelt er heller ikkje skikkeleg inntil fylt på side og topp, det manglar skikkelege lokk på nokre spillvasskummer.

Når dette er ferdig tar vi ei synfaring og ser på dette, bør skje rimeleg kjapt, i og med at 126/46 ønskjer å knytte seg til kommunalt vatn. Du og Ståle får ordne opp i forholda, slik at vi ein gong kan bli ferdig med dette anlegget.

*Arne Helgesen
Avdelingsleiar Teknisk VA
Lindås Kommune
Tlf.56375669 mob. 95945434*

Fra: Arne Helgesen
Sendt: 20. mai 2016 10:23
Til: 'frope@statoil.com'
Kopi: Kari Elisabeth Io
Emne: Tilknytting 126/46

Sender deg som avtalt skjema for erklæring om rett til å ligge over annan mans grunn, og skjema om løyve til å gå inn på felles privat vl. Og at ein har eit felles ansvar for drift og vedlikehald av dette anlegget.

På vedlagt kart har eg merka av kor det felles private anlegget begynner, og kven som pr. i dag er inne på dette. Anlegget starter i kum der ein er kopla på kommunal hovudleidning, ved båthavn mrk. A vannledning ligg fram til Ståle Øksnes her er det kopla på hus mrk B,C og D. Har satt spørsmålstegn på br. 78. trur ikkje han har tilknytning på vatn.

Lenger inne i Hopsvågen er hus E,F og G inne på fellesanlegg.

På erklæring felles må du difor ha løyve frå ale de som er inne på ledningen pr. dd. Hus B til F. i tillegg må du ha erklæring om rett til å ligge over annan mans grunn frå tilknytning v. Bente Øksnes fram til deg. Erklæringar som blir sendt inn med rørleggermelding skal vera tinglyst.

Det bør også lagast ein avtale her om kven som har ansvar for kva. Eks. det naturleg at alle har ansvar for leidning frå pkt. A til B. Frå pkt B fram til hus E, F,og G er det kanskje naturleg at det kun er hus E, F og G som har ansvar for ? Dette er spørsmål som raskt dukkar opp den dagen noko er gale, og det får ein økonomisk konsekvens å få dette ordna. Avtalen kan sjølvstakt vera akkurat slik det vil ha den, men det bør vera ein avtale

Dersom dine naboar kanskje skal inn på same anlegget, kan du kanskje orientere dei, og ev. gi dei ein kopi av erkleringsskjema. Når neste skal inn på felles privat anlegg må han ha erklering av de samme som du har erklering av + deg osv.

Kjem og til å skrive ein mail til Lindås VVS der eg pålegg dei å ordne opp i ein del ting på dette felles private anlegget, for at fleire skal få løyve til å kople seg til. Dette er ting som Lindås VVS og Øksnes som utbygger må ordne opp i

*Arne Helgesen
Avdelingsleiar Teknisk VA
Lindås Kommune
Tlf.56375669 mob. 95945434*